

*Samarbeidsrådet for Naturvern saker (SRN)*  
*Den Norske Turistforening*  
*Norges Naturvernforbund*  
*Norges Jeger- og Fiskerforbund*  
*WWF-Norge*  
Boks 7 Sentrum, 0101 OSLO

Stortingets transport- og  
kommunikasjonskomité  
Karl Johans gt. 22  
0026 OSLO

Vår ref.:  
06/06-JON

Dykkar ref.:

Dato:  
13.02.06

Saksbehandlar: Jan Olav Nybo, tlf.: 22 82 28 83,  
e-post: [jan.olav.nybo@turistforeningen.no](mailto:jan.olav.nybo@turistforeningen.no)

## **Nei til bygging av Hardangerbru**

Samarbeidsrådet for Naturvern saker (SRN) har i lengre tid engasjert seg i diskusjonen om bygging av Hardangerbru, det naturinngrepet som bruva representerer i eit nasjonalt fjordlandskap og ikkje minst dei negative verknadene ei bru vil ha på Hardangervidda gjennom auka bruk av rv 7. Vi er kjent med at transport- og kommunikasjonskomiteen 16.02. skal avgje innstilling om St.prp. nr 2 (2005-06) *Om utbygging og finansiering av rv 7/rv13 Hardangerbrua i Hordaland*. SRN vil derfor sterkt oppmøde komiteen om å gå mot dette prosjektet av naturfaglige, landskapsmessige og friluftsfaglige grunnar.

### **Hardangerbru stort landskapsinngrep**

Bygging av ei bru på 1380 m, med ei høgd på 186 m over fjorden, mellom Vallavik og Bu, blir eit gigantisk naturinngrep i eit fjordlandskap som har nasjonal og internasjonal verdi. Brua blir svært dominante i store delar av indre Hardanger, og vil også vere negativ for turistar, som her kan oppleve fjordnatur utan store tekniske inngrep. At ferja mellom Brimnes og Bruravik blir lagt ned ved bygging av bru, gjer også at ein turistattraksjon forsvinn. Forslaget om nasjonal status som turistveg for rv 7 kan bli trekt dersom bruva blir realisert.

### **Hardangerbru gir større press på Hardangervidda**

Bygging av bru fører til trafikkauke for rv 7 over Hardangervidda. Dette er etter SRNs syn svært uheldig. Stortinget vedtok i si tid bygging a Lærdalstunnelen nettopp for å ha ein vintersikker stamveg (E 16) mellom aust og vest. Vi har i tillegg E 134 over Haukeli og kombinasjonen av rv. 7 (fram til Gol) og riksveg 52 (Gol-Hesedal). Det er verken behov for eller ønskelig ut frå naturfaglige og friluftsmessige omsyn med auka

trafikk over Hardangervidda og press for stamvegstandard og permanent vinterbrøytning.

Tvert imot bør rv 7 stengast over Hardangervidda om vinteren, primært av omsyn til villreinstamma, som i svært liten grad krysser vegen når den er open, og dermed får lite tilgang til viktige beiteområde. I tillegg er Hardangervidda eit svært populært og mye brukt tur- og friluftsområde vinterstid, og auka trafikk og stamvegstandard vil forringje områdets kvalitet. Vi vurderer ein lang tunnel under sentrale delar av Vidda som uaktuelt pga. kostnadene, og meiner at korte ”miljø”tunnelar ikkje er forsvarlige ut frå naturfaglige og friluftsmessige omsyn. Dei vil tvert imot føre til større stabilitet, meir trafikk og auka aktivitet på og langs vegen. Både NINA og DN meiner at rv 7 bør stengast om vinteren av omsyn til villreinen, som vi har eit internasjonalt ansvar for å ta vare på.

SRN vil også understreke at Stortinget ved behandling av St.meld. nr 21 (2004-05) *Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand* var spesielt opptatt av å sikre villreinens leveområde. I St.prp. nr 2 er det lagt alt for lite vekt på miljøomsyn (både landskapskonsekvensar, forholda for villrein og områdets verdi for friluftsliv), og heller ikkje den planutgreiinga som ligg til grunn for prosjektet er god nok.

Vennlig helsing

### **Konklusjon**

SRN går mot bygging av Hardangerbru, og ber komiteen avvise prosjektet. St.prp. 2, som er det dokumentet komiteen skal ta stilling til, har i svært liten grad lagt vekt på miljøkonsekvensane av ny Hardangerbru. Både effektane på landskapet ved ei slik gigantisk bru, meir trafikk på rv 7 og dermed auka press på Hardangervidda, som er leveområde for villrein og viktig friluftsområde, er nesten heilt fråverande i stortingsproposisjonen. I tillegg er trafikktal og kostnadsanalyser svært usikre, jfr. at konsulenten for samfunnsøkonomi og trafikkgrunnlag har tilrådd å utsette vedtaket. Samfunnsøkonomisk nytteverdi er dessutan klart negativ. Rassikring og betre regularitet på ferjenettet i Indre Hardanger bør proriterast framfor Hardangerbru.

Med vennlig helsing

Jan Olav Nybo  
SRN-sekretær